

Cytomegalovirus (CMV)

Analysemetode

Metodikk: Enzyme-linked fluorescent immunoassay (ELFA), miniVIDAS, bioMerieux.
Ved spørsmål om aktuell CMV-infeksjon vil vi utføre både CMV IgG og CMV IgM. Ved spørsmål om seropositivitet (i samband med donasjon av organ, bein, etc.) utførast kun CMV IgG.

Indikasjon

CMV IgG og IgM: Spørsmål om aktuell CMV-infeksjon ved mononukleoseliknande febertilstandar.

CMV IgG: Immunstatusundersøking før transplantasjon


Immunsvekka pasientar og nyfødde har ofte manglande IgM-respons trass aktuell CMV-infeksjon, og her er CMV PCR i plasma ein betre metode (utførast ved Haukeland Universitetssjukehus), konferer evt. med virolog der.

Prøvetaking

Serum, sjå [Serologiske prøvar, prøvetaking.](#)

Prøvetakingsutstyr

Serumglas med gel



Prøvevolum

CMV IgG/IgM: Må ha 200 µl, bør ha 500 µl.

Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

5 døgn. Eldre prøvar vurderast.

Vurdering i laboratoriet

Positiv CMV IgG og negativ CMV IgM indikerer tidlegare gjennomgått infeksjon.

Positiv CMV IgM kan indikere aktuell eller nyleg gjennomgått infeksjon, men kan også av og til sjåast ved asymptomatisk reaktivering av latent CMV utan betydning, eller ved polyklonal immunstimulering ved EBV-infeksjon. Ein positiv CMV IgM må difor alltid vurderast kritisk i høve til klinikk.

Forventa analysetid

1-2 dagar

Feilkjelder

Hemolytisk, lipemisk eller ikterisk serum.

Utførast av

Serologisk fagområde

Fagområde

Virologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

25.01.2017 Gro Øren